

Årsrapport 2005

Friskere geiter



HELSETJENESTEN
FOR **GEIT**

Smittesaneringsprosjektet
FRISKERE GEITER



Årsrapport Friskere geiter 2005

Oppsummering

Det har vore god framdrift i prosjektet også i 2005. Interessa for å sanera har auka, særleg mot slutten av året.

Fase 2 er godt i gang, og vi har i 2005 fått ein tilvekst på 34 buskapar. Det vart ein ny giv i arbeidet då vi fekk meir pengar, slik at vi kunne ta inn fleire som ynskte å bli med. Snart er det påmeldt så mange at vi truleg må til å setja opp ei venteliste. Budsjettet framover viser at vi har kapasitet til ca 210 buskapar totalt.

Prøvetaking og analyse fungerer godt, og vi har testa fleire dyr enn nokon gong. Nokon av buskapane er komne så langt i testprogrammet at dei kan la det gå lenger tid mellom prøvene. Vi må framover i tida leggje opp ein strategi der det blir halde ein høg prøvefrekvens i område der det er stor risiko for påvisning av smittestoff, og så må vi gå ned på frekvensen i mindre risikoutsette område. Dette må gjerast både av økonomiske og arbeidsmessige grunnar. Det er påvist totalt 105 CAE-positive dyr av totalt 5861 sanerte dyr i løpet av dei åra prosjektet har vore i gang. Det utgjer 1,8 %, og er svært bra. Endå betre blir dersom ein ser bort frå dei tre buskapane som til saman hadde 48 av desse positive dyra. Då kjem vi ned i 0,5%.

Byllesjuka er ikkje påvist i dei sanerte besetningane.

Paratuberkulose er blitt påvist i område der vi hadde forventa å finne det, og det er starta sanering i fleire paratuberkulosesmitta buskapar. Gammainterferontesten ser ut til å fungere godt.

Det er samla inn data frå effektivitetskontrollen. Desse skal analyserast i året som kjem.

Det er gitt løyvingar til to fireårige forskingsprosjekt som båe byggjer på data frå Friskere geiter.

Innleiing

Smittesaneringsprosjektet Friskere geiter har i 2005 halde fram etter dei same retningslinene som vart omtala i rapporten frå 2004.

Målsettinga er å utrydde sjukdommane CAE (Caprin Artritt Encephalitt) , byllesjuka og paratuberkulose i norske geitebuskapar. Sjukdommane har stor negativ innvirkning på dyrehelse, dyrevelferd og produksjon i flokkane. Fase 1 starta i 2001 og skal vare til 2007. Budsjettet for Fase 1 er 11 mill. kroner. Staten betaler 7 millionar gjennom forskingsmidlar over jordbruksavtalen og TINE resten.

Frå 2005 er prosjektet utvida med 200 nye buskapar, Fase 2.

Prosjektet er vurdert å ha stor nasjonal verdi, og det var sett av 8 mill. kroner over jordbruksavtalen for 2005.

Deltaking i prosjektet er frivillig, og produsentane må sjølve melde seg på. Dei mest interesserte brukarane, og dei som har størst sjanse for å få til ei vellukka gjennomføring blir prioritert.

Prosjektstyring

Friskere geiter er eit nasjonalt prosjekt, eigd av helsetjenesten for geit (HTG). Samarbeidsrådet i HTG fungerer som styringsgruppe. Sigmund Indrevoll er leiar av styringsgruppa.

Tor Lunder slutta i TINE i juni 2005. Han slutta då som sekretær for Helsetjenesten for geit. Liv Sølverød har teke over som sekretær etter han.

Prosjektgruppa er:

Solfrid Steen, TINE Meieriet Øst

Helga Kvamsås, TINE Meieriet Vest

Trond Pettersen, prosjektkoordinator for Nord-Noreg

Atle Drangevåg, TINE Meieriet Sør

Ingunn Nævdal, Norsk sau og geit

Jan Morten Estil, TINE Midt-Norge

Liv Sølverød, sekretær i Helsetjenesten for geit

Gunnar Valdøl, prosjektkoordinator for Møre og Romsdal

Informasjonsarbeid

Møter og samlingar for produsentar: Valdres, Skånevik, Skei, Ørsta, Golsfjellet, Vinje, Sogndal, Undredalen, Osterøy, Jæren, Vågå, Veitastrand, Vestvågøy, Beiarn, Misvær, Salangen, Gibostad, Nordreisa/Kåfjord, Lyngen

Kurs for veterinærar: Tromsø og Røldal

Kurs for rådgjevarar: Tretten og Tromsø

Husdyrforsøksmøtet - innlegg

Statens Landbruksforvaltning SLF og Landbruksdepartementet LD i Atrium 21. juni

Balsfjordmessa – stand med deltaking av både veterinærar og produsentar.

Geitedagane på Røros - Visning av film

Materiell produsert i 2005: Informasjonsfilm og – presentasjon, informasjonshefte

Saneringsnytt: 5 nummer

Avisinnlegg: Sau og geit og Norsk veterinærtidsskrift

Internett: Oppdatering av websider

Deltaking i andre noverande prosjekt og utvikling av nye prosjekt, kurs m m.

Veterinærinstituttet - fleire møte angående paratuberkulosestesting

Statens forskningsråd – møte for å leggja fram prosjektplan for brukarstyrt prosjekt.

Fagforum geit – diskusjons- og informasjonsmøte angående avlsarbeid, særleg om den nødvendige omlegginga av det noverande bukkeringsystemet.

Ola Nyberg var med i Mattilsynets oppnevnte gruppe ”Prosjekt forvaltning av småfesjukdomar”. Nils Leine var med i referansegruppa, og deltok på eitt møte.

Kurs: Prosjektleiar deltok i “8th International Colloquium on Paratuberculosis i København”

Møter i prosjektgruppe og styringsgruppe

Prosjektgruppa: 1 fysiske møte og 6 telefonmøte

Styringsgruppa: 2 fysiske møte og eitt telefonmøte

Delprosjekt

Mastitt

Fire bruk er med i mastittprosjekt som blir leia av Tormod Mørk ved Veterinærinstituttet i samarbeid med TINE Råpaving.. Det blir her gjennomført ei detaljert studie av

mastittbakteriar og celletal, med bl a mange mjølkeprøver og funksjonstesting av mjølkemaskin

EK geit

Det er samla inn EK-data i 65 buskapar. 40 av desse ligg i Nord-Noreg. Utrekningar og statistikkar skal gjerast i 2006


Vestvågøy

Målsettinga med prosjektet er å kartleggje smittestatus i geitebuskapane på Vestvågøy. Det er framleis att litt prøvetaking. Men det blir truleg 4 buskapar som sanerer der i år.

Semin

Norsk Sau og Geit satsar på å utvikle eigarinseminasjon på geit. Det har vore kurs i regi av Team Semin. Foreløpige resultat viser same tendens som i fjor, noko over 50 % ikkje omløp.

Deltaking i 2005



Sanering påmelding pr år

| År | # buskap |
|------|----------|
| 1994 | 1 |
| 1996 | 1 |
| 2000 | 1 |
| 2001 | 1 |
| 2002 | 12 |
| 2003 | 5 |
| 2004 | 14 |
| 2005 | 34 |
| 2006 | 45 |
| 2007 | 59 |
| 2008 | 17 |
| | 190 |

Det er ein jamn auke i bruk som deltek i prosjektet. I slutten av 2005 er totalt 69 bruk er med på prøvetaking. Av dei har 58 buskapar sanert og er under oppfølging. Det var 34 nye bruk som kom med i prosjektet i 2005.

Tal på dyr i kvar buskap varierer sterkt, frå 7 til 329, med eit gjennomsnitt på ca 90.

Totalt antal sanerte geiter i prosjektet: 5500

Resultat

Ein vil kanskje finne ut at ikkje alle tal stemmer overeins dersom ein samanliknar tal frå ulike tabellar. Dette kjem av at ikkje alle kjem inn i prosjektet på same tid på året. Dei som kjem inn mot slutten av året vil vi kanskje få svar på etter nyttår. Nokon buskapar blir ikkje testa kvart år. Likevel meiner vi at tala gjev eit godt inntrykk av situasjonen.

CAE

Det er analysert 10848 prøver for CAE på TINE Mastittlaboratoriet i Molde. 474 er av tankmjølk. Planen er å analysere to tankmjølkprøver årleg frå sanerte buskapar. Utprøvinga for

Kartlegging – CAE før sanering – 2005

| | antall | Prosent påvist | Merknad |
|----------------|--------|----------------|---|
| Sau (individ) | 941 | 12,5 | 32 buskapar, både reine sauebuskapar og kombinerte med geit |
| Geit (individ) | 2029 | 28 | |
| Tankmjølkprøve | 474 | 70 | |
| Bukkering | 3 | 100 | minst 1 pos bukk i kvar ring |

bruk av tankmjølk til buskapsovervaking er enno ikkje ferdig, men det ser svært lovande ut. For kartlegging før oppstart er det testa over 900 sau og 2000 geit. Det er testa 5147 geiter frå sanerte besetningar. Det er påvist 26 CAE-positive geit etter sanering 15 av desse er frå ein buskap. Andelen med CAE-positive geit er svært låg. Vi har hittil testa dei sanerte besetningane relativt ofte. Det har skaffa oss mykje data som vi vil analysere i 2006, for å prøve å koma fram til ei fornuftig prøvetakingsrutine, som både tek omsyn til kostnad og tryggleik.

CAE på sau

Det vart i 2005 sendt inn til obduksjon to sauer med høge CAE-antistoffverdiar. Desse hadde forandringar i lunger og ein av dei også i juret. Det står att fleire testar på desse sauene, men det ser ut til at vi alt no kan slå fast at CAE også er ein sauesjukdom. Det er ikkje slik som vi før har trudd, at sauen berre er eit smittereservoar for geit. Det kan få betydning for forvaltninga av CAE/Mædi i tida som kjem.

Vi ser ein tendens til at det er fleire CAE-positive sauer der det har vore CAE på geitene over lang tid. Dette er eit område som må fylgjast opp med vidare epidemiologiske studiar. CAE-testing av sau må halde fram, og det arbeidet vi har starta har fått ekstra betydning no når vi har fått erfaring for at dette også er ein sauesjukdom.

CAE-testing 2005. Dyr frå sanerte buskapar

Merknad

| | | |
|--------------|------|--|
| Testa geiter | 5147 | 58 buskapar |
| Påvist | 26 | 9 buskapar, 15 kje i ein buskap |
| % påvist | 0,5 | 0,18 om ein ikkje reknar med den som har 15 positive kje |

CAE-testing av sanerte geiter og buskapar - alle år sidan 2002

| | Geiter | Buskapar |
|----------|--------|----------|
| Testa | 5681 | 59 |
| Påvist | 105 | 29 |
| % påvist | 1,8 | 50% |

105 CAE-positive geiter etter sanering på 4 år, er eit svært lågt tal. Av desse geitene kjem 48 frå tre buskapar. Ser vi bort frå desse, er det berre 57 påviste geiter att som fordeler seg på 26 buskapar. Vi har kvart år dei siste tre åra hatt berre ein buskap som har hatt fleire CAE positive dyr etter snapping. Dette viser at det er svært sjeldan at det skjer uhell i snappeprosessen.

Byllesjuketesting

Byllesjuketesting for kartlegging 2005

| | Påvist | | Ikkje påvist | | | Totalt | |
|------|----------|-----|--------------|----------|-----|------------|-----------|
| | Buskapar | Dyr | | Buskapar | Dyr | Dyr | Buskapar |
| sau | 11 | 34 | sau | 10 | 333 | 363 | 21 |
| geit | 6 | 64 | geit | 20 | 143 | 208 | 26 |
| | | | | | | 575 | 36 |

Kartlegginga vi gjer i saueflokkane er nødvendig, og at det er nødvendig med sanering av byllesjuka også på sauene. Vi finn byllesjuka bakterien i halvparten av buskapane. Dei fleste av desse dyra er testa ved hjelp ha blodprøve på hemolysin inhibisjonstest. Frå nokre få er det dyrka bakteriar i puss.

Det er også dyrka frå ein del byllar som oppstår på dyr etter sanering. Dei bakteriane ein oftast finn der er: *Staphylococcus aureus*, *Arcanobacterium pyogenes*, *Actinomyces naeslundii*, *Aerococcus viridans*. I tillegg til dette finn ein ofte blandingskulturar av ulike bakteriar, men ikkje byllesjukebakterien, *Corynebacterium pseudotuberculosis*.

Paratuberkulose

Resultat av testing

| | Buskappar testa | Geiter | Sterkt positiv | Svakt positiv | Underkjent |
|------------------------|-----------------|--------|----------------|---------------|------------|
| Dyrking frå enkelt dyr | 20 | 200 | 0 | | |
| Gammainterferontest | 45 | 2518 | 0 | 15 | 49 |

Paratuberkulose testing er intensivert i 2005. Det er kome med fleire buskappar frå område der det er tvungen vaksining. Det er ikkje påvist bakteriar i nokon av dei buskapane Friskere geiter har testa, men vi har fått tilgang til resultat frå Mattilsynet der dei har gjennomført kontroll- og overvakingsprogrammet. I desse prøvene finn ein to buskappar som har fått påvist paratuberkulose før sanering i 2005.

Det er testa 2518 prøver for gammainterferon på geit. Dette er ein test som tidleg i sjukdomsforløpet kan gje svar på om dyret er smitta. Svaret kan koma så tidleg at bakterieutskillinga ikkje har kome i gang, og dermed kan dyret slaktast før det er smittefarleg. Det er særleg dei svakt positive og underkjente prøvene som gjev grunnlag for vidare undersøkingar. Dyra blir testa på nytt att etter ei tid, og dersom det viser ei utvikling som tilesier at det kan vera ein reell smitte og det ikkje er falsk positiv reaksjon, må ein undersøkje dyret nærmare. Det er ikkje påvist sterkt positive dyr etter sanering.

Det er tatt ut miljøprøver frå geitebuskappar med paratuberkulose. Det er knytt særleg stor interesse til fuktige uteområde, der alle geitene går og der det er mykje avføring. Vi ventar svar på dette like etter nyttår.



Typisk område der ein kan finne store mengder paratuberkulosebakteriar.

Ein må ut i terrenget og plukke dei opp.



Det er også testa ein del sau med gammainterferontest. I to buskappar der det tidlegare er dyrka bakterier frå geit, er det funne positive dyr. Desse buskapane sanerer i 2006. Tolking av resultat av gammainterferontest på sau er vanskeleg og på eit svært tidleg forsøksstadium.

Testing av geit for paratuberkulose er heilt nødvendig i eit bekjempingsopplegg. Difor vil prosjektet også dei komande åra bruke betydelege ressursar på dette. Resultata så langt ser svært opplyftande ut.

Semin

Prosjektet har kjøpt inn 10 bukkar frå sanerte buskappar. Dei har stått på semin stasjonen til Geno på Hallsteingård. Der er det teke ut sæd, og ca 500 dosar er brukt i sanerte og ein del buskappar utanfor prosjektet.

Mesteparten er brukt i Team Semin sitt prøveopplegg med eigarinseminering.

Det er nok sæd på lager, slik at dei kan bli tekne i bruk att dersom det gjennom avkomsgranskning viser seg at nokon av dei vil bli aktuelle som elitebukkar. Det er NSG Semin som har stått for dette arbeidet.

Effektivitetskontroll

Det vart sett av 400 000 kroner til bruk for effektivitetskontrollen i 2005

Planen var å få data inn frå 100 buskapar, både i og utanfor prosjektet. Dette er nødvendig for å finne ut noko om det økonomiske utbyttet av saneringa.

Det er kome inn opplysningar frå 65 buskapar.

Det er enno ikkje gjort utrekningar som viser den økonomiske effekten av saneringa, men i løpet av fyrste halvår 2006 reknar vi med at dette blir sett i gang.

Forsking

Det er søkt Norges Forskningsråd om pengar til forskning i samband med prosjektet.

Det er blitt løyvd pengar til to prosjektet som skal bruke data frå Friskere geiter som grunnlagsmateriale. Begge prosjekta har 4 årig doktorgradsstipendiatar.

Det eine prosjektet blir styrt av Veterinærinstituttet og heiter: "Improved goat herd health – closing in on the goal". Det er eit KMB prosjekt (kompetanseprosjekt med brukar-medverking). Kostnadsramme NOK 2.000.000.

Det andre er det TINE og Helsetjenesten for geit i samarbeid med NVH som har det overordna ansvaret for. Det heiter: "Optimal helse, velferd for kvalitetsprodukter fra norske geiter". Dette er eit brukarstyrt innovasjonsprosjekt (BIP). Kostnadsramme NOK 12.000.000

Dette vil gje oss mykje kunnskap om korleis vi skal vidareføre prosjektet, og det vil også vera ein evaluering av det pågåande arbeidet. Vi ser fram til at dette skal koma i gang.

Vang 1. februar 2006

Nils Leine

